



MELAND KOMMUNE

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:
Vår ref.: 12138398
Ref. gnr/bnr: 18/89

Dato: 07.01.2018

Ombygging av 22 kV kraftline til Dale sør

BKK Nett har planlagt ombygging og fornying av 22 kV linja frå Øvre Sagstad til Dale sør i Meland kommune. Linja er ikkje dimensjonert for straumuttaket i Frekhaugområdet og må forsterkast for å dekke behovet for framtida. Tiltaket er nødvendig for at BKK skal kunna imøtekoma krav til leveringstryggleik og kvalitet.

Den nye linja vil ha eit byggeforbudsbelte på 9,2 meter mot 13,2 meter i dag. Sjå vedlagte skisser som viser klausuleringsbredde og minsteavstandar for ny og gammal linje.

I denne traséen ynskjer me å utvida skogryddingsbeltet for å sikra mot trefall på lina.

Nokre stadar kan det vera aktuelt å leggja om traséen. Sjå vedlagt kart som viser eksisterande nett og forslag til ombygging. Vidare i arbeidet ynskjer me å utføra oppmålingsarbeid i terrenget.

BKK ynskjer ei formalisering av grunneigar og nettselskapet sine rettar og plikter i form av ein standard grunnavtale. Når linja er ferdig planlagt, sender me deg eit forslag til avtale. Der det nye anlegget medfører ei meirbelastning i forhold til situasjonen i dag, tilbyr me erstatning for tillegget i samsvar med BKK Nett sine satsar for bandlagt areal, stolpe- og bardunfester m.m.

Planane skal føreleggjast Meland kommune, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune. Du vil få nærare infomasjon om dette.

I denne omgang ynskjer me å få inn eventuelle spørsmål, merknader eller innspel til planen frå grunneigarane. Ta då gjerne kontakt med:

Øystein Almelid, telefon 55 12 80 12, e-post: Oystein.Almelid@bkk.no, eller

Erik Andreas Tvedt, telefon 55 12 81 01, e-post: Erikandreas.Tvedt@bkk.no

Venleg helsing
BKK Nett AS

Øystein Almelid

Erik Andreas Tvedt

Vedlegg:

- Plankart
- Skisser klausuleringsbredde og minsteavstandar